

## Hallo i nedslagsfeltet!

No er fotballsesongen endeleg i gong! Vi har fått ein grei start på sesongen med siger i fyrste kamp, deretter to uavgjorte. Eg har også fått prøvd meg litt på trening med A-laget, noko som er svært kjekt! Sandviken spelar i Toppserien så det er moro å få kjenne på kroppen kvar det høgste nivået i Noreg faktisk ligg. Kjenner eg har ein heil del å jobbe med for å bli betre, spesielt litt meir trykk i duellane og klare å oppretthalde høgt tempo over lang tid.

Har også vore å sett på alle heimekampane til Sandviken i Toppserien. Fyrste seriekampen møtte dei LSK Kvinner som vann enkelt 0-5. Dumt for Sandviken å få ein dårleg start på sesongen, men likevel kjekt å sjå eit så godt og velspelande norsk kvinnelag. Viser at jenter også kan spele fotball på eit høgt nivå. Spesielt Lene Mykjåland imponerte!

Fyrste kampen vår var mot Høyang på heimebane. I 1.omg var vi svært ineffektive- produserte sjanse på sjanse, men til pause stod det berre 1-0. Det løstna heldigvis tidleg i 2.omg og kampen enda med 6-1 siger. Eg fekk spele heile kampen, hadde ei målgivande pasning og fekk etter kampen skryt av trenaren til A-laget. Må seie meg svært nøgd med fyrste seriekampen!

Neste motstandar var Arna Bjørnar 2. Eit svært godt spelande lag med mange unge hurtige spelarar, som nok blir å finne i Toppserien om nokre år. I fyrste omgang vart vi i store delar rundspelte og låg under 2-0 til pause. Vi heva oss heldigvis mange hakk etter kvilen, og kampbilette vart heilt snudd på hovudet. Vi pressa på gjennom heile omgangen, noko som resulterte i sluttresultatet 2-2. Mamma, pappa og Lene var på besøk med meg denne helga, men fekk diverre berre med seg den dårlege 1.omgangen.





Sist helg var det bortekamp mot Hinna i Stavanger. Denne dagen var verkeleg vêrgudane ikkje på vår side! Ferjeturane er dei verste eg har vore på i heile mitt liv. Alle gjekk å sjangla på dekk og såg godt drukne ut, andre datt i trappene og nokre vart sjølvsagt sjøsjuke på turen.



Når vi endeleg var framme hadde ikkje vêrte forandra seg stort, og humøret vart heller ikkje betre når dommartrioen nekta oss å spele med ull under draktene eller bukse på grunn av nye tåplege fargerelgar! Og sjølvsagt når kampen ikkje gjeng vår veg så skuldar vi på dommarane. Men i dette tilfellet hadde vi faktisk all grunn til å vere frustrerte. Ikkje kjekt å spele mot eit lag med eldre robuste spelarar som ikkje er interessert i å spele fotball – berre å sabotere for motstandaren. Dommartrioen fekk kjeft frå nokre av mine lagspelarar gjennom heile kampen, men når dei ikkje ein gong delar ut gule kort til slik oppførsel så seier det vel seg sjølv at dei ikkje blir respektert av andre heller. Alt var tydelegvis lov denne kampen, noko Hinna utnytta til det ytterste. Men diverre er det dommaren som har siste ordet, og kampen enda 2-2.

Balljentene denne kampen var også eit kapittel for seg sjølv. Turne, slå hjul og ta piruettar var dei svært gode til, men å hente ballen derimot var litt verre. Trur kanskje ingen hadde informert dei om at det ikkje var dei som skulle underhalde.



*Balljenta som stod på hendene under store dela av kampen*

For min del så har starten på sesongen vore positiv. Har fått spelt i litt ulike posisjonar (back og ving), men trur kanskje back er min nye favorittposisjon. Føler formen er god og at eg har utvikla meg som spelar, men har diverre vore sjuk siste veka. Difor er eg litt usikker på kor mykje speletid eg bør ha mot Haugar på sundag, men reknar med eg skal vere med i troppen uansett.

Som sagt var mamma, pappa og Lene på besøk her ei helg. Medan dei andre sov tok eg og pappa oss ei treningsøkt opp på Fløyen.

Måtte sjølvsagt reklamere litt for Konradløpet i Bergen også:



Trur diverre dette forsøket ikkje lokka med seg fleire enn Konrad Krokodille frå Bergen

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 5 (pga sjukdom)